

MØTEPROTOKOLL

--

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd		
Sak frå : 38 / 2018 Sak til: 47 / 2018	Onsdag 2 mai 2018	<u>Møtestad:</u> Herdla kyrkjelydshus.

Frammøtte: 7 av 7 medlemer.

Til stades

Medlemer:

Kjellaug Fauskanger Eidsaa , Kjell Berland, Ivar Eidsaa, Solfrid Kongshaug Aase, Einy Daviknes, Astrid Marie Haugland og Reidun Håpoldøy.

Varamedlem:

Meldte forfall:

Andre frammøtte: Håkon Andersen var med i byrjinga av møtet.

Sak / år:

38/2018: Møteprotokoll frå møte 4 april vart godkjent.

39/ 2018: Meldingar: Ingen spesielle meldingar.

40/ 2018: Gudstenesteliste:

15/04: kl.19.00: Gudsteneste G19 v/Ingrid M Petersen. Nattverd. Offer: Ungdomsarbeidet i Askøy`s misj.prosjekt. Ansvarleg: Team 4.

18/04: kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.

29/04: kl.11.00:Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: Mercy Ships. Ansvarleg: Team 1. Årsmøte etter gudstenesta.

.....
13/05:kl.11.00:Hovudgudsteneste v/Harald Forland.Nattverd. Offer: Kirkens SOS. Ansvarleg: Team 2.

17/05: kl.11.00: v/ Astrid Marie Haugland. Offer: Leif Heggernes sitt arbeid. Ansvarleg: Team 3.

20/05:kl.11.00:Hovudgudsteneste V/ Michael Møgster. Nattverd. Offer: KIA Askøy. 1 pinsedag m/ middag etterpå. Ansvarleg: Alle team.

23/05: kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.

27/05:kl.11.00: Hovudgudsteneste v/Astrid Marie Haugland. Dåp .Offer: Eige arbeid. Ansvarleg: Team 4

10/06: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Nattverd. Offer: Den norske kyrkja i utlandet. Skaparverkets dag på **Herdla fort**. Ansvarleg: Team 1.

41/ 2018 :Evaluering og førebuing av gudstenestene:

15/04: Nokre kommentarar om at lyden var høg og enkelte lesingar utydeleg. Elles var det ei fin gudsteneste med dåp av 3 konfirmantar.

29/04: Lite oppmøte på kyrkjelydens årsmøte. Årsmelding vart gjennomgått og det var ein del kommentarar og små justeringar. Regnskap vart lese opp.

Det var og ei sak frå nokon i kyrkjelyden, der det vert sendt eit brev om dette til fellesrådet.

17/05: Teamet hjelper til å dele ut sanger ved minnestøtta før gudstenesta.

42/2018: Pilgrimsrute: Det er ynskje om å ha ei pilgrimsrute til kyrkja. Vi kan ha den same ruta som vi hadde i samband med kyrkjejubileet i 2013, eller eventuelt delar av denne. Vi sette dato for ei vandring 29 september og planlegg dette vidare.

43/2018: Datoer for soknerådsmøter hausten 2018.

Det er onsdager:

22 august, 12 september, 3 oktober, 14 november, 12 desember.

44/2018: 1 Pinsedag, 20 mai, m/ middag etterpå:

Det vert sal av grillmat og tilbehør ved kyrkjelydshuset etter gudstenesta. Dette vert planlagt vidare, kunngjort, og varer kjøpt inn .

45/2018: Skaparverkets dag, 10 juni:

Denne er på Herdla fort. Er været bra, er den ute. Elles er den inne på Herdla museum.

Konfirmantane deltek på denne gudstenesta med ulike oppgåver. Diakon Lena er med også.

Vi lagar til ei utstilling om Fairtrade produkter og andre aktuelle miljøtiltak. Konfirmantar har med mat til kyrkjekaffien.

46/2018: Kystsogevekene: Sjøvegs kyrkjereis – status:

Det vert jobba vidare med planlegginga av kystsogedagen 2 september. Mykje er no på plass.

47/2018: Eventuelt:

- Håkon viste 2 ulike prosjektorar til å ha i kyrkjelydshuset.
Vedtak: Vi kjøper den til kr.19000.
- Årsmeldinga er revidert og vert sendt inn.
- Sommarbasaren 8 juni er under planlegging.
- Det er ynskje om eit stativ til å setja utfor kyrkja med informasjon når det f.eks. er ope kyrkje, eller andre ting. Kan også evt vere eit nede ved hovedveien.
- Grøn kyrkjelyd: Vi må vere meir bevisst på innkjøp av ulike ting både i kyrkjelydshuset og til kyrkjekaffien. Avfallsordringa må og forbeholdt. Vi tek dette oppatt på neste møte. Diakon Lena er då med.
- Elektrikararbeidet i kyrkjelydshuset er gjort. Totalsum: kr.57000.

Neste møte vert onsdag 13 juni.

Håpolden, 8 mai 2018.

Reidun Håpoldøy.

Referent.